



ÅLESUND KOMMUNE

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Postboks 2520

6404 MOLDE

Saksbehandlar:
Elin Moen
Tlf.

Dykkar referanse:

Vår referanse:
22/12860-5 22/124976

Dato:
08.12.2022

Søknad om grensejustering mellom Aukra kommune og Ålesund kommune. Uttale frå Ålesund kommune

Ålesund kommunestyre- 166/22, har i møte 01.12.2022 14:00 fatta følgende vedtak:

Vedtak:

1. Ålesund kommunestyre viser til at spørsmålet om grensejustering for mellom anna øyane Ona og Sandøy var gjennom ei grundig utgreiing og vurdering i samband med kommunesamanslåingsprosessen. Dåverande Kommunal – og moderniseringsdepartement si avgjerd sommaren 2018 var at øyane Ona og Sandøy skulle høyre til dåverande Sandøy kommune og følgje med Sandøy kommune til Ålesund kommune.
2. Kommunestyret kan ikkje sjå at det kjem fram opplysningar i søknaden Statsforvaltaren har mottatt som gir grunnlag for å starte ei ny utgreiing av grensejustering mellom Ålesund kommune og Aukra kommune.
3. Kommunestyret meiner at grunngevinga som ligg til grunn for departementet si avgjerd framleis er gjeldande, og at Ålesund kommune framleis leverer tilfredsstillande tenester til innbyggjarane og næringslivet på øyane i tidlegare Sandøy i tråd med føremålet i inndelingslova.
4. Kommunestyret viser til at søknaden om grensejustering ikkje kan grunnjevast med at det er opna for at tvangssamanslåtte kommunar kan søkje om deling. Sandøy kommune gjekk frivillig inn i Ålesund kommune. Kommunen er no inne i ein krevjande prosess med å dele Ålesund og Haram og etablere desse som to nye kommunar frå 01.01.2024. Kommunen har ikkje kapasitet til å bidra inn i ei ny utgreiing om grensejustering som det her er søkt om.

Med helsing
Elin Moen
politisk sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakarar

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal Postboks 2520 6404 MOLDE

Søknad om grensejustering mellom Aukra kommune og Ålesund kommune. Uttale frå Ålesund kommune

Dokumentinformasjon:

Saksbehandlar: Elin Moen	Arkivsak: 22/12860
E-post: postmottak@alesund.kommune.no	Journalpost: 22/110587

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
144/22	Ålesund formannskap	29.11.2022
166/22	Ålesund kommunestyre	01.12.2022

166/22 - Ålesund kommunestyre

Vedtak:

1. Ålesund kommunestyre viser til at spørsmålet om grensejustering for mellom anna øyane Ona og Sandøy var gjennom ei grundig utgreiing og vurdering i samband med kommunesamanslåingsprosessen. Dåverande Kommunal – og moderniseringsdepartement si avgjerd sommaren 2018 var at øyane Ona og Sandøy skulle høyre til dåverande Sandøy kommune og følgje med Sandøy kommune til Ålesund kommune.
2. Kommunestyret kan ikkje sjå at det kjem fram opplysningar i søknaden Statsforvaltaren har mottatt som gir grunnlag for å starte ei ny utgreiing av grensejustering mellom Ålesund kommune og Aukra kommune.
3. Kommunestyret meiner at grunngevinga som ligg til grunn for departementet si avgjerd framleis er gjeldande, og at Ålesund kommune framleis leverer tilfredsstillande tenester til innbyggjarane og næringslivet på øyane i tidlegare Sandøy i tråd med føremålet i inndelingslova.
4. Kommunestyret viser til at søknaden om grensejustering ikkje kan grunnjevast med at det er opna for at tvangssamanslåtte kommunar kan søkje om deling. Sandøy kommune gjekk frivillig inn i Ålesund kommune. Kommunen er no inne i ein krevjande prosess med å dele Ålesund og Haram og etablere desse som to nye kommunar frå 01.01.2024. Kommunen har ikkje kapasitet til å bidra inn i ei

ny utgreiing om grensejustering som det her er søkt om.

Behandling:

Alternativt forslag frå Rødt Malena Strømmen Malakzadeh

1.

Ålesund kommunestyre viser til at spørsmålet om grensejustering for mellom anna øyane Ona og Sandøy var gjennom ei grundig utgreiing og vurdering i samband med kommunesamanslåingsprosessen. Dåverande Kommunal – og moderniseringsdepartement si avgjerd sommaren 2018 var at øyane Ona og Sandøy skulle høyre til dåverande Sandøy kommune og følgje med Sandøy kommune til Ålesund kommune.

2.

Kommunestyret meiner at grunngevinga som ligg til grunn for departementet si avgjerd framleis er gjeldande, og at Ålesund kommune framleis leverer tilfredsstillande tenester til innbyggjarane og næringslivet på øyane i tidlegare Sandøy i tråd med føremålet i inndelingslova.

3.

Kommunestyret viser til at søknaden om grensejustering ikkje kan grunnjevast med at det er opna for at tvangssamanslåtte kommunar kan søkje om deling. Sandøy kommune gjekk frivillig inn i Ålesund kommune. Kommunen er no inne i ein krevjande prosess med å dele Ålesund og Haram og etablere desse som to nye kommunar frå 01.01.2024. Kommunen har ikkje kapasitet til å bidra inn i ei ny utgreiing om grensejustering som det her er søkt om. Ålesund kommunestyre opnar likevel for at ei ny utgreiing om grensejustering kan gjerast, om Aukra kommune er villig til å dekke kostnadane og arbeidet med dette.

Votering:

Det vart først votert over Rødt sitt forslag.

Forslaget fall mot ei stemme frå Rødt.

Formannskapet si innstilling vedteke med 52 mot 23 stemmer.

- Desse stemte mot:
- Sp
- Rødt
- Håkon Lykkebø Strand, Jarle Viset, Jannicke Strømmen, Thorbjørn Fylling, Tor-Andre Gram Franck, Thomas Andre Kvam. Daniella Baarholm og Asgeir Berg, Frp
- Trond Berg, uavhengig

144/22 - Ålesund formannskap

Tilråding frå formannskapet:

1. Ålesund kommunestyre viser til at spørsmålet om grensejustering for mellom anna øyane Ona og Sandøy var gjennom ei grundig utgreiing og vurdering i samband med kommunesamanslåingsprosessen. Dåverande Kommunal – og moderniseringsdepartement si avgjerd sommaren 2018 var at øyane Ona og Sandøy skulle høyre til dåverande Sandøy kommune og følgje med Sandøy kommune til Ålesund kommune.
2. Kommunestyret kan ikkje sjå at det kjem fram opplysningar i søknaden Statsforvaltaren har mottatt som gir grunnlag for å starte ei ny utgreiing av grensejustering mellom Ålesund kommune og Aukra kommune.
3. Kommunestyret meiner at grunngevinga som ligg til grunn for departementet si avgjerd framleis er gjeldande, og at Ålesund kommune framleis leverer tilfredsstillande tenester til innbyggjarane og næringslivet på øyane i tidlegare Sandøy i tråd med føremålet i inndelingslova.
4. Kommunestyret viser til at søknaden om grensejustering ikkje kan grunnjevast med at det er opna for at tvangssamanslåtte kommunar kan søkje om deling. Sandøy kommune gjekk frivillig inn i Ålesund kommune. Kommunen er no inne i ein krevjande prosess med å dele Ålesund og Haram og etablere desse som to nye kommunar frå 01.01.2024. Kommunen har ikkje kapasitet til å bidra inn i ei ny utgreiing om grensejustering som det her er søkt om.

Behandling:

alternativt forslag Kirsti Dale

Ålesund kommunestyre imøtekammer søknaden fra innbyggerne på Ona og Sandøya og er positive til at det settes igang en utredning om grensejustering mellom Aukra kommune og Ålesund kommune.

Kirsti Dale og Vebjørn Krogsæter, Senterpartiet

Votering:

Formannskapet voterte mellom innstilling frå kommunedirektøren og forslag frå Kirsti Dale og Vebjørn Krogsæter (Sp). Kommunedirektøren si innstilling vart vedteke mot 5 stemmer. Desse stemte mot:

- Sp
- Frp

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Ålesund kommunestyre viser til at spørsmålet om grensejustering for mellom øyane Ona og Sandøy var gjennom ei grundig utgreiing og vurdering i samband med kommunesamanslåingsprosessen. Dåverande Kommunal – og moderniseringsdepartement si avgjerd sommaren 2018 var at øyane Ona og Sandøy skulle høyre til dåverande Sandøy kommune og følgje med Sandøy kommune til Ålesund kommune.
2. Kommunestyret kan ikkje sjå at det kjem fram opplysningar i søknaden Statsforvaltaren har mottatt som gir grunnlag for å starte ei ny utgreiing av grensejustering mellom Ålesund kommune og Aukra kommune.
3. Kommunestyret meiner at grunngevinga som ligg til grunn for departementet si avgjerd framleis er gjeldande, og at Ålesund kommune framleis leverer tilfredsstillande tenester til innbyggjarane og næringslivet på øyane i tidlegare Sandøy i tråd med føremålet i inndelingslova.
4. Kommunestyret viser til at søknaden om grensejustering ikkje kan grunnjevast med at det er opna for at tvangssamanslåtte kommunar kan søkje om deling. Sandøy kommune gjekk frivillig inn i Ålesund kommune. Kommunen er no inne i ein krevjande prosess med å dele Ålesund og Haram og etablere desse som to nye kommunar frå 01.01.2024. Kommunen har ikkje kapasitet til å bidra inn i ei ny utgreiing om grensejustering som det her er søkt om.

Saksgang:

Kommunedelsutvalet for Sandøy og Fjørtoft har hatt saka til uttale. Saka vert no lagt fram for formannskapet og kommunestyret for uttale frå Ålesund kommune.

Samandrag:

Statsforvaltaren ber om uttale frå Ålesund kommune i samband med at dei har motteke søknad om utgreiing av grensejustering av øyane Ona og Sandøy frå Ålesund kommune til Aukra kommune. Grunneigar på Gåsøy ber om at også Gåsøy blir tatt med ved ei eventuell grensejustering.

Saka har vore til uttale hos kommunedelsutvalet for Sandøy og Fjørtoft. Dei viser til at det meste av dagens kommunale tenester og andre samfunnsoppgåver vert dekt frå tidlegare Sandøy kommune, og at kvaliteten på dei kommunale tenestene levert frå Ålesund gjennomgåande er gode.

Saka vart grundig utgreidd og vurdert i samband med kommunesamanslåingsprosessen,

og dåverande Kommunal – og moderniseringsdepartement si avgjerd sommaren 2018 var at øyane Ona og Sandøy skulle høyre til dåverande Sandøy kommune og følgje med Sandøy kommune til Ålesund kommune. Kommunedirektøren kan ikkje sjå at kome fram opplysningar som gir grunnlag for å setje i gang ei ny utgreiing om grensejustering og rår kommunestyret til å avvise dette. Kommunen er inne i ein krevjande delingsprosess og har verken tid eller kapasitet til å bidra inn i eit nytt utgreiingsarbeid.

Saksopplysningar:

Ålesund kommune har mottatt eit brev av 19.10.22 frå Statsforvaltaren der dei opplyser at dei har fått ein søknad om utgreiing av grensejustering av øyane Ona og Sandøy frå Ålesund kommune til Aukra kommune.

Søknaden (av 06.10.22) frå Arve Linningsvoll og Oddgeir Viken på vegne av fleire innbyggjarar på Ona og Sandøy er vedlagt brevet frå Statsforvaltaren. Det same er eit brev (av 12.10.22) frå ein grunneigar på Gåsøy, som ber om at også Gåsøya blir tatt med ved ei eventuell grensejustering. Også eit støtteskriv (e-post 12.10.22) frå representantskapet i Romsdal interkommunalt råd ligg vedlagt.

Statsforvaltaren ber kommunane Aukra og Ålesund om å gi uttale til søknaden før spørsmålet om det skal setjast i gang ei utgreiing blir sendt over til KDD. Statsforvaltaren vil gi departementet eit råd i saka. Frist for uttale er sett til 8. desember 2022».

Innhald i søknaden frå fleire innbyggjarar på Ona og Sandøy samt grunneigar på Gåsøy:

I søknaden frå Arve Linningsvoll og Oddgeir Viken på vegne av fleire innbyggjarar på Ona og Sandøya vert det vist til tidlegare søknad i 2016 om grensejustering og at fylkesmannen hadde ei grundig utgreiing og tilrådde grensejustering, men at ved endeleg avgjerd var det berre Orta som fekk gå til Aukra.

Dei viser til at det no har gått 6 år sidan første søknaden, og at det har skjedd ein del som vil påverke kvardagen deira og som dei meiner gir grunnlag for ei ny utgreiing. Dei har tre hovudpunkt i søknaden:

- avstand/kommunikasjonar: Nordøyvegen
- lege og helsetenester
- regjeringa har opna for at tvangssamanslåtte kommunar kan oppløysast.

I søknaden går det fram at dei viktigaste grunnane til at dei søkjer om ei utgreiing av grensejustering er:

«Me er mest retta mot Aukra og Romsdal både med omsyn til tenester og leveransar både til og frå næringsliv og private.

- *Det er kortast og raskast å kome seg til både kommunesenter, og ein by (Molde) i den retninga. Det vil framleis være tilfellet etter at fastlandssambanda Nordøyvegen, Møreaksen og Kjerringsundet er ferdige.*

- *Ein mindre kommune vil ha ein enklare og meir oversiktleg organisasjon, det vil være lettare for innbyggjarane å kome i kontakt med dei som tek avgjerslene.*

- *Me har alltid vore knytt til Romsdal både med omsyn til handel, språk, kultur og tradisjonar.*

- *Geografisk er øyane ein del av Romsdalskysten. Me høyrer til Romsdalsregionen og vil at me skal gjere det i framtida og.»*

I søknaden som er lagt ved saka har dei oppdatert opplysningar frå søknaden dei hadde i 2016. Søknaden omhandlar mellom anna tema knytt til tenester, handel og kommunikasjon, lege og helsetenester, ambulansesbåt og akuttberedskap. Vidare pleie- og omsorg, sjukehus, brannberedskap, tilhøyrighet og identitet.

Til slutt i søknaden vert det vist til at når regjeringa no har opna for at kommunar og fylkar som vart slått saman med tvang skal kunne bli oppløyst, så bør innbyggjarane på Ona og Sandøy som vart tvinga inn i Ålesund få saka utgreidd på nytt. Totalt 34 innbyggjarar på Ona/Husøya og Sandøya har underteikna på lista om at dei støttar søknaden.

Gåsøy:

Grunneigar Pål Gåsøy viser til at dersom Ona/Husøya og Sandøya får gå til Aukra, vert det bedt om at også Gåsøy får bli med.

Støtteskriv frå representantskapet i Romsdal interkommunalt råd:

Representantskapet har i møte 19.08.22 uttalt at dei har stor forståing for, og støttar, at innbyggjarane på desse øyane på Romsdalskysten ønsker å tilhøyre Aukra kommune. Dei viser til historisk tett tilknytning til resten av Romsdal med omsyn til handel, språk, kultur og tradisjonar.

Inndelingslova:

Føremålet med inndelingslova jf. § 1, er mellom anna å legge til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innafor ramma av det nasjonale fellesskap kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndelingar bør medverke til å skape formålstenelege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredstillande tenester og forvaltning.

Som det går fram av brevet frå Statsforvaltaren har ein innbyggjar i ein kommune etter inndelingslova § 8 ein rett til å søke om at det blir sett i gong ei utgreiing av grensejustering. Søknaden skal vere skriftleg, grunngjeve, innehalde forslag til nye grenser og sendast til Statsforvaltaren i det området saka gjeld.

Etter inndelingslova § 9 er det Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) som avgjer om det skal settast i gong utgreiing av ei grensejustering, og ta stilling til kva som er nødvendig omfang av denne.

Kommunale, fylkeskommunale og statlege forvaltningsorgan skal gi nødvendige opplysningar og i rimeleg utstrekning medverke ved saksførebuinga, etter oppmoding frå den som gjer utgreiinga.

Tidlegare avgjerd i spørsmål om grensejustering:

Dåverande fylkesmann hadde tilrådd at øyane Sandøya, Ona/Husøya, Orten, Lyngværet og Flatflesa i Sandøy kommune (nye Ålesund) skulle bli grensejustert over til Aukra kommune, medan øya Gåsøya skulle bli verande i Sandøy kommune (nye Ålesund kommune).

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vedtok sommaren 2018 at dei 11 fastbuande innbyggjarane på Orten vart flytta frå Sandøy kommune til Aukra. Det same med den ubebudde øya Lyngværet. Øyane Ona og Sandøy skulle bli verande i Sandøy kommune.

I vurderinga departementet ga knytt til si avgjerd går det mellom anna fram: *I søknaden frå innbyggjarane og i fylkesmannens utgreiing blir det vist til tilknytning til og bruk av Molde som by, framfor Ålesund. Dette gjeld m.a. for tenester, handel og bruk av flyplass. Departementet meiner dette seier noko om kva som er kvardagsregionen for innbyggjarane, men departementet meiner også at det i vurderinga av ei grensejustering må leggast klart mest vekt på tenester som er kommunale. I den samanheng er det også eit poeng at grensejusteringa ikkje dreier seg om overføring til Molde kommune, men til Aukra.*

Departementet meiner grensejusteringar først og fremst skal vere eit reiskap for å tilpasse kommunegrenser til eksisterande samhandlingsmønstre og innbyggjaranes bruk av kommunale tenester. Det ligg i dette at ei kommunegrense må gi nokre utfordringar for innbyggjarane som ei grensejustering vil kunne løyse, til dømes kortare reiseveg eller demokratisk påverknad på tenestetilbodet dei nyttar, for at ei grensejustering skal bli vedtatt.

Innbyggjarane mottek i dag det aller meste av tenester frå Sandøy kommune. Nye Ålesund kommune har lagt opp til å behalde tenestetilbod og -stader i dagens Sandøy kommune. Ei vurdering av mogleg avstand og reisetid må derfor ta utgangspunkt i dette. Etter departementets vurdering er øyane i dag i liten grad knytt til Aukra kommune gjennom det kommunale tenestetilbodet, og i tilsvarende stor grad knytt til Sandøy kommune. Med unntak av for Orten er det ikkje synleggjort at grensejusteringa vil føre til forenklingar i tilgangen på kommunale tenester for innbyggjarane.

Statens kartverk har i sin høyringsuttale peikt på at den geografisk beste nye grensa kan trekkast ved å la Orten gå til Aukra, medan dei to andre øyane blir verande i Sandøy. Dette skuldast at det er her avstanden mellom øyane er størst og havet djupast. Etter departementets vurdering synleggjer ikkje fylkesmannens utgreiing at dei tre øyane har ein felles identitet eller på anna vis utgjør ein eining som skil dei frå resten av Sandøy kommune. Dette går heller ikkje fram utgreiinga til kommunen frå 2016 om ei mogeleg deling av Sandøy kommune. Departementet kan derfor ikkje sjå at det er avgjerande at dei tre øyane tilhøyrer same kommune.

Etter ei heilskapleg vurdering meiner departementet at argumenta som skal til for å vedta ei grensejustering, berre er til stades for Orten. Departementet vurderer at ei slik grensejustering også vil vere enklare å handtere for Sandøy kommune i det pågåande samanslåingsarbeidet. Departementet viser til at Sandøy kommune i dialogen med

departementet etter fylkesmannens tilråding har uttrykt aksept for ei slik løysing

Uttale frå Aukra kommune:

Saka er også sendt til Aukra kommune for uttale. Her er formannskapet positiv til at det settast i gang ei utgreiing av grensejustering mellom Aukra kommune og Ålesund kommune, og kommunedirektøren er innstilt på å avsette naudsynte ressursar for å planlegge ei eventuell grensejustering. Saka blir behandla av kommunestyret 17.11.22.

Uttale frå Sandøy og Fjørtoft kommunedelsutval:

Kommunedelsutvalet behandla saka i møte 10.11.2022 og har gitt slik uttale:

Kommunedelsutvalet vil vise til at det meste av dagens kommunale tenester og andre samfunnsoppgåver vert dekt frå tidlegare Sandøy kommune. Kvaliteten på dei kommunale tenestene levert frå Ålesund er gjennomgåande gode. Gamle Sandøy kommune har over 150 år med felles historie. Sjølv om kommunen har vorte større, er Sandøya og Ona/Husøya fortsatt ein del av lokalsamfunnet i gamle Sandøy.

Kommunedelsutvalet legg ved ein oversikt over kommunale tenester som vert levert av Ålesund kommune.

Uttalen frå kommunedelsutvalet med vedlegget følgjer som vedlegg.

Vurderingar:

Generelt:

Spørsmålet om grensejustering av Ona og Sandøy var gjennom ei omfattande og grundig utgreiing i samband med kommunesamanslåingsprosessen. Departementet vedtok at øya Orten skulle overførast til Aukra, medan Sandøy og Ona skulle bli verande i dåverande Sandøy kommune.

Når det gjeld ein av dei viktigaste grunnane som det vert vist til i søknaden om å få ei utgreiing (bruk av Molde som by og tilknytning til Romsdal) var dette tema også under den tidlegare utgreiinga og vurderinga. Departementet meinte at dette sa noko om kva som var kvardagsregionen for innbyggjarane, men meinte også at det i vurderinga av ei grensejustering må leggest klart mest vekt på tenester som er kommunale.

Kommunedirektøren meiner den grundige vurderinga som dåverande Kommunal- og moderniseringsdepartementet hadde knytt til avgjerda i 2018 er gjeldande også i dag.

Ålesund kommune har både kapasitet og storleik til å opprettehalde eit forsvarleg og tilfredstillande tenestilbod for innbyggjarane i tidlegare Sandøy kommune.

Kommentar til nokre tema tatt opp i søknaden:

Avstand/kommunikasjon:

Når det gjeld kommunikasjon er ikkje situasjonen noko endra for innbyggjarane på Sandøya og Ona. Dei må ta ferje til Finnøya som før for å få tilgang til kommunale tenester på Steinshamn. Ferjetilbodet er om lag som tidlegare. Nordøyvegen har ikkje endra dette. Kommunen har gode digitale tenester, innbyggartorg på Steinshamn og

kommunedelsutval, noko som reduserer behovet for å oppsøke rådhuset i Ålesund sentrum.

Lege og helsetenester:

Ålesund kommune tilbyr heimebaserte tenester (heimesjukepleie og praktisk bistand) til innbyggjarar på Sandøy og Ona etter behov og vedtak. Heimetenestene brukar som tidlegare ferje som transport til oppdraga.

Akutte oppdrag må handterast med ambulansebåt, som no er lokalisert på Aukra. Denne transporttenesta er det Helse Møre og Romsdal som har ansvar for.

I søknaden vert det også reist spørsmål om brannberedskapen for Sandøya og Ona. Ålesund brannvesen jobbar med dette. Brannbåt frå Molde er eit alternativ, og det vert også jobba parallelt med eit anna båtalternativ. Brannberedskapen vil alltid vere ei utfordring på desse øyane. Dei beste tiltaka er førebyggjande, og dette vert best ivaretatt av bygningseigar i samråd med brannvesenet. Det er iverksett auka tilsynsfrekvens på tilsyn og feiing, samstundes som ein arbeider med tiltak på Ona. Ålesund brannvesen arbeider også med å styrke depot med fleire mannskap og modernisering av utstyr.

Oppløysing av tvangssamanslåtte kommunar:

Når det gjeld spørsmålet om at ein skal setje i gang ei utgreiing fordi det er opna for at kommunar som vart slått saman med tvang kan oppløysast slik søknaden viser til, meiner kommunedirektøren dette ikkje gjeld for grensejustering som det her er søkt om her. Tidlegare Sandøy kommune gjekk frivillig inn i nye Ålesund kommune.

Kommunedirektøren viser til at Ålesund kommune no er inne i ein svært krevjande prosess med deling og bygging av to nye kommunar. Kommunen vil ikkje ha kapasitet til å bidra inn i ei ny utgreiing om grensejustering.

Dersom Statsforvaltaren sitt råd til Kommunal- og distriktsdepartementet skulle vere at det skal settast i gong ei utgreiing, meiner kommunedirektøren at ei slik utgreiing må vente til kommunedelinga er gjennomført. Først då vil ein ha oversikt over eventuelle konsekvensar for det kommunale tenestetilbodet på øyane etter deling, og kunne ha kapasitet til å bidra inn i ein grensejusteringsprosess.

Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:

Dei økonomiske konsekvensane er vanskeleg å fastslå i dag, ei grensejustering vil kunne innebere både noko mindre kostnadar, men også mindre inntekter. Kommunen må uansett halde oppe eit kommunalt tenestetilbod i tidlegare Sandøy som også innbyggjarane på Sandøya og Ona nyttar. Nærare om eventuelle økonomiske konsekvensar må ein kome tilbake til dersom det skulle bli vedtatt ei utgreiing av grensejustering.

Konklusjon med grunngiving:

Kommunedirektøren meiner at det ikkje kjem fram opplysningar i søknaden Statsforvaltaren har mottatt, som gjer det nødvendig å starte ei ny utgreiing om grensejustering mellom Ålesund og Aukra kommune. Det har heller ikkje skjedd endringar i det kommunale tenestetilbodet, eller andre forhold som krev ei ny utgreiing. Saka vart

grundig utgreidd og vurdert i samband med kommunesamanslåingsprosessen, og departementet tok ei avgjersle.

Argument knytt til at det no er opna for oppløysing av tvangsamanslåtte kommunar er etter kommunedirektøren ikkje relevant for vurdering av spørsmål om igansetting av ei ny utgreiing av grensejustering slik det vert søkt om til Statsforvaltaren.

Jon Steven Hasseldal
kommunedirektør

Utrykte dokument i saka:

[Inndelingslova](#)

Vedlegg:

1. Oversending av søknad om grensejustering mellom Aukra kommune og Ålesund kommune
2. 2022-10-12 Søknad om grensejustering
3. 2022-10-12 Brev fra Pål Gaasøy
4. 2022-10-12 Brev fra Romsdal interkommunalt politiske råd
5. Vedtak om grensejustering - Kommunal og moderniseringsdepartementet 02.07.2018
6. Spørsmål om utgreiing av grensejustering mellom Ålesund kommune og Aukra kommune. Uttale 10.11.22 frå kommunedelsutval Sandøy og Fjørtoft
7. Grensejustering Sandøya og Ona - vedlegg frå kommunedelsutvalet